

Fra: Eirik Herdlevær Søyland [Eirik.Soyland@bsj.uib.no]
Sendt: 11. desember 2013 13:03
Til: NVE
Kopi: Lars Øyvind Birkenes (Lars.Oyvind.Birkenes@hfk.no)
Emne: Vedr. Høyring av søknad om konsesjon for overføring av Middagsvatn til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune

NVE ref: NVE 201302845-4 kv/genn

Vedr. Høyring av søknad om konsesjon for overføring av Middagsvatn til Mauranger kraftverk i Kvinnherad kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev frå NVE dagsett 19.09. 2013.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved tiltaksområda ved Middagsvatn i Kvinnherad kommune som kan bli direkte råka av overføringa.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar/Marinarkeolog
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no
www.facebook.com/Sjofartsmuseum